



Notat

Dato: 04.08.2015
Arkivsak: 2014/560-180
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsavdelinga

Frå: Ungdommens fylkesutval

Uttale til Trygt heim-høyring - frå Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesutval har i mange år hatt Trygt heim-ordninga med i planprogrammet sitt, men over dei siste åra har det blitt vist lite interesse. Derfor vedtok Ungdommens fylkesting i år å fjerne punktet angåande Trygt heim-ordninga.

Som ein har sett frå Sogn og Fjordane si side så har denne ordninga fungert svært bra. Sjølvsgart så ynskjer me at det skal bli like bra her i Hordaland. Hordaland og Sogn og Fjordane burde derfor slå seg saman om den ordninga. Ikkje berre for å styrke arbeidet sitt, men og for å dele idear til korleis ordninga kan bli betre. Hovudgrunnen til at ordninga ikkje har fungert like bra her i Hordaland er nok fordi svært få veit noko om denne ordning. For at Trygt heim-ordninga i det heile skal fungere så må det bli meir synleg. Det er mange ungdommar som har bruk for denne ordninga, men som ikkje veit noko om det.

Per dags dato så er det Skyss som har ansvaret for Trygt heim-rutene. Sidan Skyss er så stort i Hordaland, og så mange folk bruker Skyss som kollektivtransport så burde Skyss reklamere om Trygt heim. Eit sterkare band mellom Skyss og Trygt heim-ordninga hadde vært til stor hjelp.

UFU meiner at tilbodet om å kome heim for 50 kr med taxi er noko som har vore sakna. Derfor meiner utvalet at dette bør reintroduserast i Trygt heim slik at tilbodet kan brukast sjølv når det ikkje er arrangement som er planlagd på førehand.

UFU vil også føreslå om å starte eit samarbeid saman med Trygt heim-ordninga, slik at ein kan vere med på å utvikle tilbodet vidare.

Med venleg helsing

Agnes Hoshovde Bernes
Leiar

